

Prisar og stipend

Årets bedrift

Fylkesprisen Årets Bedrift vart tildelt Norsol AS. Norsol AS er ei familiebedrift som som vart etablert i 1983. Bedrifta er ei av landets leiande innan solskjerming. Dei har hovudkontor og fabrikk i Tingvoll kommune og salsapparat over heile Noreg. Norsol AS sysselset om lag 65 personar på heil tid, i tillegg til deltidstilsette. I grunngevinga står det at bedrifta har ein tydeleg miljøprofil, har investert i ny teknologi og satsa på å utvikle produkt med ein gjennomgåande miljøprofil. - Denne prisen skal vi ta med oss i det vidare arbeidet, sa dagleg leiar Vegard Nekstad. [Intervju og video frå utdelinga i Tingvoll](#)

Fylkeskulturprisen

Maria Parr fekk fylkeskulturprisen i 2021. - Parr har turnert både nasjonalt og internasjonalt med arbeidet sitt, for eksempel med Den kulturelle skulesekken. Dette er med på å gjere henne til ein verdig vinnar for fylkeskulturprisen 2021, og kultur,- næring,- og folkehelseutvalet gratulerer, seiar Nerås Krogsæter. [Du kan sjå intervju med Maria Parr frå utdelinga](#)

Miljøprisen

Miljøprisen 2021 gjekk til Gomalandet SFO. Dei får prisen for engasjement sitt for å redusere matsvinn og for å formidle gode haldningar til resirkulering og gjenbruk. «Matredderne på Gomalandet SFO» handlar om å redusere matsvinn. Prosjektet var først ein del av eit nasjonalt prosjekt «Matjungelen» som skulen har delteke i nokre år. No hentar ungane på skulen frukt og grønnsaker frå butikkane tre dagar i uka, mat som elles ville blitt kasta. Elevane lærer om berekraft og får samtidig sunn og god mat, og nok frukt til å dekke heile skulen sitt behov heile veka. Ungane kjeldesorterer også emballasjen som følgjer med maten. Prosjektet har gjort skulen meir bevisst på forbruket sitt. Nye leiker, spel og møblar til SFO vert ikkje kjøpt inn, men er gjenbruk. Prosjektet treff godt på fleire berekraftsmål, slik som god helse og livskvalitet, ansvarleg forbruk og produksjon og samarbeid for å nå måla. [Elevane Ewen Totev og Tale Langaas vart intervjuet ved prisutdelinga.](#)

Årets lærling

Konkurransen mellom dei to beste kandidatane var så jamn at juryen bestemte at prisen årets lærling vart gitt både til John Fredrik Sæther Nelvik og Kristin Hollingsæter Lystad. I alt kom det inn 17 nominasjonar til kåringa som Møre og Romsdal fylkeskommune står bak. John Fredrik Sæther Nelvik frå Smøla og Kristin Hollingsæter Lystad frå Ålesund trekte det lengste strået:

– Begge to er verdige vinnarar av prisen Årets lærling 2020. Ut frå vurderingskriteria og vurderingsgrunnlaget var det rett og slett umogeleg å skilje dei to kandidatane som kom høgast, seier leiar for juryen, Åse Vatne Riksfjord. [Du kan lese meir på mrfylke.no](#)

Inkluderings- og mangfaldsprisen

Håvard Johansen var den første til å motta inkluderings- og mangfaldsprisen. Den vart delt ut for første gong i 2021, og erstattar den tidlegare likestillingsprisen.

Johansen er frå Kristiansund, og har sidan 2015 arrangert ulike aktivitetar for flyktningar og immigrantar. Frå oppstart i 2015 og fram til no, har han hatt med over 2500 deltakarar på mellom anna fjellturar, hyttebesøk og Galdhøpiggen. Dette gir eit flott samhald og skaper vennskap på tvers av religion og nasjonalitetar. Dette er basert på frivillig innsats, og Håvard Johansen er ein person som får det til gjennom friluftsliv og inkludering. Målet er å ta dei med snarast mogleg etter at dei kjem til Noreg, for å lære dei å vere ute på tur. [Her kan du høyre og sjå Håvard Johansen takke for prisen](#)

Stipend

Idrettsstipend

Namn	Kommune	Sum
Mari Romundset Nilsen	Aure	50 000
Knut Valen Håland	Sula	50 000
Molde Rytterklubb	Molde	50 000

Kunstnarstipend

Namn	Kommune	Kunstart	Sum
Arbeidsstipend			
Henrik Koppen	Volda	Visuell kunst	200 000
Jan Otto Ertesvåg	Ålesund	Film	200 000
Andre stipend			
Anja Ulseth	Tingvoll	Visuell kunst	100 000
Anders Emblem	Ålesund	Film	100 000
Elin Grimstad	Giske	Litteratur	100 000
Ann Helen Kolås Ingebrigtsen	Giske	Litteratur	100 000
Kari Telstad Sundet	Kristiansund	Musikk	100 000
Jorunn Marie Kvernberg	Volda	Musikk	100 000